

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Alfred Bjørlo (V) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Kultur, idrett og inkludering er ein sektor i Vestland fylkeskommune med mange viktige aktuelle investeringsprosjekt dei nærmaste åra, men ei særsla liten avsetning investeringsramme i framlegget til Økonomiplan (mindre enn 0,2% av samla investeringar) - og eit driftsbudsjet som berre utgjer om lag 3% av fylkeskommunen si samla drift.

Samtidig utløyser midlane brukt på desse områda særsla stor samla innsats gjennom samhandling og samskaping med stat, kommuner, frivilligkeit og næringsliv. Kultur, idrett, frivilligkeit og integrering spelar ei avgjande rolle i å byggje gode lokalsamfunn eit sterkt Vestland. Hovudutval for Kultur, idrett og inkludering (KULII) er sterkt uroa av stoda kultur, idrett og frivillig sektor er kome i som følgje av koronakrisa, - med nedstengingar, inntektsfråfall og permitteringar. Samtidig er det å halde oppe satsinga på kultur i kjølvatnet av koronakrisa viktig for mange andre sektorar, ikkje minst Vestland som reiselivsdestinasjon.

KULII ber finansutvalet ta omsyn til dette i den videre handsaming av saka.»

June Vibecke Knudtsen Indrevik (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Kultur, idrett og inkludering er ein sektor i Vestland fylkeskommune med mange viktige aktuelle investeringsprosjekt dei nærmaste åra, men ei særsla liten avsetning investeringsramme i framlegget til Økonomiplan (mindre enn 0,2% av samla investeringar) - og eit driftsbudsjet som berre utgjer om lag 3% av fylkeskommunen si samla drift.

Samtidig utløyser midlane brukt på desse områda særsla stor samla innsats gjennom samhandling og samskaping med stat, kommuner, frivilligkeit og næringsliv. Kultur, idrett, frivilligkeit og integrering spelar ei avgjande rolle i å byggje gode lokalsamfunn eit sterkt Vestland. Hovedutvalg for kultur, idrett og integrering (KULII) er opptatt av at barn og unge i særdeleshet skal prioriteres.

Hovudutvalet er sterkt uroa av stoda kultur, idrett og frivillig sektor er kome i som følgje av koronakrisa, - med nedstengingar, inntektsfråfall og permitteringar. Samtidig er det å halde oppe satsinga på kultur i kjølvatnet av koronakrisa viktig for mange andre sektorar, ikkje minst Vestland som reiselivsdestinasjon.

KULII ber finansutvalet ta omsyn til dette i den videre handsaming av saka.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Bjørlo sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til finansutvalet.

Indrevik sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til finansutvalet.

Innstilling til finansutvalet

Hovudutvalet viser til vedlagde Arbeidsdokument 2/20 til Finansutvalet sitt møte 28. mai.

Hovudutvalet har følgjande innspel til drifts- og investeringsrammene i utkastet til økonomiplan 2021-2024:

Kultur, idrett og inkludering er ein sektor i Vestland fylkeskommune med mange viktige aktuelle investeringsprosjekt dei nærmaste åra, men ei særsla liten avsetning investeringsramme i framlegget til Økonomiplan (mindre enn 0,2% av samla investeringar) - og eit driftsbudsjet som berre utgjer om lag 3% av fylkeskommunen si samla drift.

Samtidig utløyser midlane brukt på desse områda særsla stor samla innsats gjennom samhandling og samskaping med stat, kommunar, frivilligkeit og næringsliv. Kultur, idrett, frivilligkeit og

integrering spelar ei avgjerande rolle i å byggje gode lokalsamfunn eit sterkt Vestland. Hovudutval for kultur, idrett og integrering (KULII) er opptatt av at barn og unge i særdelesheit skal prioriterast.

Hovudutvalet er sterkt uroa av stoda kultur, idrett og frivillig sektor er kome i som følgje av koronakrisa,- med nedstengingar, inntektsfråfall og permitteringar. Samtidig er det å halde oppe satsinga på kultur i kjølvatnet av koronakrisa viktig for mange andre sektorar, ikkje minst Vestland som reiselivsdestinasjon.

KULII ber finansutvalet ta omsyn til dette i den vidare handsaminga av saka.